



Hardangerrådet



Hardanger

Notat til Strategimøte i Hardangerrådet iks 21.03.2013 ved dagleg leiar Leiv Vambheim

Etter 5 år med drift av Hardangerrådet iks etter lov om interkommunalt selskap så kan de vera naturleg å ha ei drøfting av Vedtektene, herunder føremål, hovudarbeidsområde, strategiar og organisering.

Det er lagt opp til å samla styret, ordførarar, rådmenn og ungdomsråd saman med administrasjonen til ei drøfting av Hardangerrådet sitt arbeid, føremål og organisering den 21. 03.2013 i samband med Årsmøtet 2013 i Hardangerrådet iks i Odda. Ut frå dei signala som kjem derifrå vil styret sjå på om det er grunnlag for endringar i vedtektene som då må på nytt godkjennast av dei 7 kommune/heradsstyra. Styret vil også vurdere om det er grunnlag for å endra prioritering av arbeidsområda og strategiane i selskapet.

Bakgrunn:

Hardangerrådet vart formelt stifta hausten 1989 på eit møte i Eidfjord, der ein også definerte Hardanger som dei 7 kommunane/herada og som framleis gjeld. Første heile driftsåret var 1990. I eit par år 1998 -2000 var også Voss med og då var det kalla Hardanger og Voss Regionråd. Frå 2001 vart det så bestemt at Hardangerrådet skulle tilbake til sine opprinnelege kommunar. Alle desse åra var Hardangerrådet formelt eit § 27 selskap. Frå 01.01.2008 vart Hardangerrådet etablert som iks etter lov om interkommunale selskap.

Arbeidsgrunnlag:

Det er definert føremål, hovudgrunnlag, 3 prioriterte hovudområde og 5 strategiar for drifta av selskapet i tråd med Vedtektene, som framleis er gjeldande og som me arbeider etter.

Føremål:

Hardangerrådet er eit regionalpolitisk samarbeidsorgan for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hovudoppgåva er å styrka regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar, og det skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd

Hovudgrunnlag:

- I. Hardangerrådet skal vera aktiv medspelar i utviklinga av Hardangerregionen.
- II. Hardangerrådet skal samarbeida nært med kommunale, interkommunale, fylkeskommunale og statlege organ og institusjonar.
- III. Hardangerrådet er støttespelar for private personar/bedrifter/ næringsforum o.a.

Prioriterte hovudområde frå samarbeidsavtalen frå 2001:

1. Politisk samordning

- Styrkja identiteten i Hardanger ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane
- Vera pådrivar og oppfølgjar overfor overordna styresmakter.
- Gje felles fråsegner på vegne av kommunane i Hardanger der dette er naturleg.

2. Fagleg samarbeid:

- Ta initiativ til samordning og oppretting av felles offentlege tenester i Hardanger der dette er naturleg og effektiv ressursforvaltning.

3. Næringsarbeid:

- Arbeida for ny aktivitet i Hardanger.
- Samordna etableringshjelp og rådgjevingsteneste for næringslivet i Hardanger.
- Nytt ressursane i regionen for å vidareutvikla Hardanger, næringsmessig, sosialt og kulturelt.
- Dra nytte av statlege og fylkeskommunale ressursar.

Strategiar:

1. Informasjonsstrategi:(Bli kjent og gjer kjent).
 - Driva intern informasjon overfor kommunar, bedrifter, organisasjonar og innbyggjarar. www.hardagerradet.no
 - Driva ekstern marknadsføring overfor andre styresmakter, andre regionar, næringsorganisasjonar og andre partar.
 - Ha eit aktivt forhold til media – særleg lokalpressa, radio Folgefonn og NRK-lokal
2. Samarbeidsstrategi:(Godt for meg, godt for deg)
 - Prioritera området å samarbeida om politisk og fagleg.
 - Ta debatten innad i regionen og stå saman utad.
 - Ikkje unngå konfliktområde, men avklara dei ulike ståstader.
 - Utnytta menneskelege ressursar kostnadseffektivt og kvalitetsmedvite.
 - Ta initiativ til nye samarbeidsformer på nye område.
3. Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
 - Gi felles fråsegner der kommunane ber om det.
 - Vera pådrivar i fellestiltak mot overordna styresmakter og andre.
 - Samordna tilbod og aktivitetar i regionen der dette er naturleg.
 - Ta initiativ til felles tiltak som styrkjer identiteten i regionen.
4. Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å)
 - Gi alle som vender seg til kontoret hjelp til å koma vidare.
 - Arbeida aktivt for å gjera Hardanger kjent i næringslivskrinsar
 - Ta initiativ til samlingar/konferansar om næringsutvikling
 - Driva bedrifts- og etableraroppgåver på vegne av fylkeskommunen.
5. Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)
 - Ha serviceinnstilte og kundeorienterte tilsette.
 - Ha eit kostnadsmedvite og ubyråkratisk kontor.
 - Vera proaktiv i alle saker som vedkjem rådsarbeidet.
 - Halda god kontakt med andre regionskontor for felles nytte og samarbeid.

Ut frå dette vert det årleg laga ein arbeidsplan som Årsmøtet godkjenner.

Formelle organ:

Etter oppstarten har me noko erfaring med mellom anna Hardangtinget, Representantskapet/Regionrådet, Rådmannsforum og Styrearbeidet. I ettertid er også Hardanger Ungdomsråd oppretta, og spørsmålet er om det skal vedtektfestast.

Finansiering:

Modellen i dag er at kommunane gjev tilskot til Hardangerrådet etter eigarnøkkelen i Selskapsavtalen (Kontingent). For 2012 er dette 1.949.220 kr til drifta medrekna 60.000 til disposisjon til Rådsordførar og 10 % til Aktivitetsutgifter. Dette er ikkje nok til å dekkja drifta som er på 2.260.000 kr. Andre driftsinntekter er drift av Regionalt Næringsfond 280.000 kr, drift av IS Fjordvegen 150.000 kr (vil endra seg i 2013) og prosjektoverhead ca 200.000 kr.

Ved ei drøfting om framtida må ein også ha i mente kva ein betalar for oppgåvene/tenestene frå Hardangerrådet og kva ein vil setja inn av ressursar vidare.

Organisering:

Etter spørsmål frå lokalpressa så er det avklara at Hardangerrådet iks som heileigd kommunalt selskap er forplikta av Forvaltningslova, Offentlegheitslova og Arkivlova med forskrifter. Dette vil medføra at ein administrativt legg om rutinar og dataløysingar for betre å tilfredstilla arkivkrava og innsynskrava. Ein konsekvens av dette er auka kostnader i selskapet då ein treng ein kompetanseperson i inntil ½ stilling til formalitetsarbeidet.

Ei anna sak er om ein skal leggja om praksis med omsyn til møtefrekvens, møtестruktur, saksprioriteringar, saksutgreiingar, arbeidsfokus til dei tilsette, nye rutinar med meir.

Hardanger Utvikling.

Ein ide som er utarbeidd av ei studentgruppe frå Hardanger i 2009 er å omdanna Hardangerrådet med fleire andre kommunale funksjonar til selskapet «Hardanger Utvikling as». Sjå vedlagde Prosjektoppgåve. Dette er no gjort i Nordhordland og det har medført at regionrådet er ein avdeling i Nordhordland Utviklingselskap. Dette må også kunna vurderast, men er ein nokså omfattande prosess og grip inn i kommunane sine tilsette og aktivitetar og oppgåver.

Innspel frå dagleg leiar.

Personleg så tykkjer eg at me i administrasjonen har eit godt grunnlag å arbeida etter og at bestillingane til dagleg leiar i Arbeidsplanen er nyttige arbeidsreiskapar. Eg ser liten grunn til å flikka særleg på eksisterande modell, men heller sjå om det er mogeleg å etablera Hardanger Utvikling as.